



Tilrettelegging/omplussing ved graviditet

Del 1: Melding om behov for tilrettelegging/omplussing ved graviditet *Fyllast ut av lege/jordmor*

Del 2: Tilbakemelding frå arbeidsgivaren om mogeleg tilrettelegging/omplussing *Fyllast ut av arbeidsgivaren*


Del 3: Søknad til NAV med krav om svangerskapspengar *Fyllast ut av kvinna. Sendast til NAV digitalt.*
Rettleiing til utfylling av skjema

Del 1: Melding om behov for tilrettelegging/omplussing ved graviditet			
Fyllast ut av lege eller jordmor			
Namnet til kvinna		Fødselsnummer (11 siffer)	Termin dato
Gateadresse	Postnummer	Poststad	
Namn og adresse til arbeidsgivaren			Stillingsprosenten til kvinna
1.1 Tilrettelegging/omplussing er naudsynt frå og med			Dato
1.2 Gjer greie for kva påverknad i arbeidsmiljøet som kan gi risiko for forplantningsskader (sjå rettleiing)			
1.3 Gjer greie for kva tilretteleggingstiltak/omplussing som er naudsynt:			

Telefonnummer	Namnet til jordmor (Skriv inn eller bruk stempel)
Dato	Underskrift (lege eller jordmor)

Del 2: Tilbakemelding frå arbeidsgivaren om mogleg tilrettelegging/omplassing			
Fyllast ut arbeidsgivaren.			
Naudsynt tilrettelegging/omplassing er vurdert og (kryss av):			
<input type="checkbox"/>	a) kan gjennomførast slik at arbeidstakaren kan fortsette med same stillingsprosent frå og med:	Dato	
<input type="checkbox"/>	b) kan gjennomførast slik at arbeidstakaren kan fortsette med redusert arbeidstid frå og med:	Dato	
	Gi opp stillingsprosenten kvinna får under graviditeten:	Stillingsprosent	
<input type="checkbox"/>	c) kan ikkje gjennomførast og arbeidstakaren må midlertidig gå ut av sitt arbeid frå og med:	Dato	
Dato	Underskrifta til arbeidsgivaren	Namnet til arbeidsgivaren i blokkbokstavar	Telefonnummer

Merk at del 3 berre skal fyllast ut dersom arbeidsgivaren ikkje kan legge til rette/omplassere, sjå rettleiinga.

Del 3: Søknad til NAV med krav om svangerskapspengar	
Fyllast ut av kvinna	
Du søker om svangerskapspengar digitalt på nav.no.	
Slik søker du:	
	Ta eit bilde av eller skann det utfylte skjemaet (del 1 og del 2).
	Logg deg inn på https://familie.nav.no/om-svangerskapspenger#slik-soker-du med BankID eller annan elektronisk ID for å søke. Spørsmåla i søknaden er tilpassa situasjonen din og du får rettleiing undervegs. Du vil bli beden om å laste opp bildet av dette skjemaet når du fyller ut søknaden.

Rettleiing til utfylling av skjema

Når ein arbeidstakar er gravid, har arbeidsgivaren plikt til å sørge for at arbeidstakaren ikkje blir utsett for skadeleg påverknad som kan gi risiko for forplantningsskadar (sjå nedanfor). Arbeidsgivaren må i desse tilfella sørge for naudsynt tilrettelegging, eventuelt omplassering. (jf. arbeidsmiljøloven §§ 4-1, 4-2 og 4-6, forskrift om organisering, ledelse og medvirkning §§ 7-1 og 7-3 og forskrift om utførelse av arbeid §§ 7-1, 7-2, 7-3 og 7-4). Dersom tilrettelegging/omplassing ikkje er mogeleg for den gravide arbeidstakaren, må kvinna midlertidig gå ut av arbeidet sitt. Ho har då vanlegvis krav på svangerskapspengar frå NAV (jf. folketrygdloven § 14-4).

Forplantningsskade

Forplantningsskader omfattar skader på kjønnceller og produksjon av kjønnsormon, skadeleg påverknad på arvestoffet, spontanabort, for tidleg fødsel eller for lav fødselsvekt, dødfødsel, spedbarnsdød, fysiske og funksjonelle misdanningar hos barn og visse sjukdommar hos barn (for eksempel visse former for kreft).

Forhold som kan føre til forplantningsskade

Både kjemiske, fysiske, biologiske, psykososiale og organisatoriske forhold i arbeidsmiljøet kan gi eller bidra til forplantningsskader. Nokre risikoforhold som bør vurderast spesielt er gjort greie for i kommentaren til § 7-1 i forskrift om utførelse av arbeid:

> <https://www.arbeidstilsynet.no/regelverk/forskrifter/forskrift-om-utforelse-av-arbeid/2/7/7-1/>

Del 1 i dette skjemaet skal fyllast ut av legen eller jordmora til kvinna. Her skal han/ho greie ut om naudsynt tilrettelegging eller omplassering. Kvinna legg deretter fram skjemaet for arbeidsgivaren.

I del 2 gir arbeidsgivaren opp i kva grad det er mogeleg med tilrettelegging eller omplassering. Det er eit krav om at det skal dokumenterast skriftleg dersom det ikkje er råd å legge til rette eller å omplassere (jf. § 7-4 fjerde ledd i forskrift om utførelse av arbeid).

Dersom tilrettelegging og omplassering ved graviditet ikkje er mogeleg, kan kvinna fylle ut del 3 i skjemaet for å fremje krav om svangerskapspengar til NAV (jf. folketrygdloven § 14-4). Del 1 og 2 i skjemaet gjeld då som dokumentasjon til NAV.

Nedanfor finn du ei rettleiing til utfylling av dei ulike delane i skjemaet.

Del 1 Melding om behov for tilrettelegging/omplassing ved graviditet

Fyllast ut av lege eller jordmor

Legen eller jordmora til den gravide kvinna skal vurdere om arbeidet, eller forhold på arbeidsplassen, kan medføre risiko for forplantningsskader. Legen eller jordmora må greie ut om kva slags tilrettelegging/omplassing som er naudsynt og gi opp frå kva dato dette er naudsynt.

1.2 Gjer greie for kva påverknad i arbeidsmiljøet som kan gi risiko for forplantningsskader

Gjer greie for kva forhold ved arbeidet til kvinna som kan gi risiko for forplantningsskader. Slike risikoforhold kan til dømes vere arbeidstid, arbeidsmengde, biologisk og kjemisk risiko, belastande arbeidsstillingar eller manglande høve til kvile- og pause.

Merk at legen eller jordmora her ikkje skal gi opplysningar om diagnosar eller andre medisinske forhold.

1.3 Gjer greie for kva tilretteleggingstiltak/omplassing som er naudsynt:

Gjer greie for kva tilrettelegging eller omplassering som er naudsynt og kva arbeid som eventuelt framleis kan utførast. Utgreiinga må vere tilstrekkeleg til at arbeidsgivaren skal kunne vurdere om det er råd å gjennomføre tilrettelegginga eller omplasseringa. Bedriftshelsetenesta, rådgivingstenesta til STAMI, næraste arbeidsmedisinske avdeling og Arbeidstilsynet kan gi råd.

Etter at legen eller jordmora har fylt ut skjemaet tar kvinna med skjemaet til arbeidsgivaren. Ein kopi av skjemaet kan leggest i journalen.

For meir informasjon om risikoforhold og tiltak for å handtere risiko, sjå temasida til Arbeidstilsynet <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/graviditet-og-arbeidsmiljo/>

Merk: Dersom kvinna har fleire arbeidsgivarar og treng tilrettelegging/omplassing i fleire arbeidsforhold, må legen eller jordmora bruke eitt skjema for kvar arbeidsgivar.

Del 2: Tilbakemelding frå arbeidsgivaren om mogeleg tilrettelegging/omplassering

Fyllast ut av arbeidsgivaren

Kvinna tar med skjemaet til arbeidsgivaren som vurderer om det er råd å gjennomføre den naudsynte tilrettelegginga eller omplasseringa som er omtalt i del 1.

Bruk del 2 a) dersom naudsynt tilrettelegging/omplassering kan gjennomførast slik at kvinna kan fortsette med same stillingsprosent. Gi opp startdato for når dette kan gjennomførast.

Bruk del 2 b) dersom naudsynt tilrettelegging/omplassering kan gjennomførast slik at kvinna kan fortsette med redusert arbeidstid. Gi opp startdato for når dette kan gjennomførast. Gi opp stillingsprosenten arbeidstakaren får under graviditeten. Ved graviditet kan det ytast graderte svangerskapspengar for den delen kvinna ikkje kan vere i arbeid.

Bruk del 2 c) dersom naudsynt tilrettelegging/omplassering ikkje kan gjennomførast og kvinna midlertidig må gå ut av arbeidet sitt. Gi opp dato for når kvinna midlertidig må gå ut av arbeid. Merk at dette ikkje er oppseiings- eller permisjonsgrunn, men kvinna må midlertidig takast ut av arbeidet.

Dersom full tilrettelegging eller omplassering kan gjennomførast straks, treng ein ikkje å underrette NAV. Dersom tilrettelegginga først kan gjennomførast etter ei viss tid, kan den gravide kvinna ha krav på svangerskapspengar i ventetida. Dersom arbeidet kan leggest til rette seinare i graviditeten, skal kvinna så snart arbeidet er tilrettelagt takast inn att i arbeidet.

Dersom det korkje er mogeleg å gjennomføre tilrettelegginga eller omplasseringa, eventuelt dersom arbeidet berre kan gjennomførast med redusert arbeidstid, kan kvinna bruke dette skjemaet som dokumentasjon for krav om svangerskapspengar, sjå del 3.

Merk: Dersom kvinna er omplassert til ein annan jobb som medfører reduksjon i lønna, vert ikkje mellomlegget mellom gamal og ny lønn dekt av NAV. Dette er likevel ofte avtalt mellom partane i lokale arbeidsavtalar.

Dersom arbeidsgivaren korkje kan gjennomføre naudsynt tilrettelegging eller omplassering, kan arbeidsgivaren ikkje sysselsette kvinna under graviditeten. Kvinna har då vanlegvis krav på svangerskapspengar, sjå del 3.

Del 3 Søknad til NAV med krav om svangerskapspengar

Fyllast ut av kvinna

Dersom arbeidsgivaren ikkje kan gjennomføre tilrettelegging/omplassering og den gravide arbeidstakaren midlertidig, heilt eller delvis, må gå ut av arbeidet, har kvinna vanlegvis krav på svangerskapspengar (jf. folketrygdloven § 14-4). Dersom kvinna kan utføre delar av arbeidet sitt, kan det ytast graderte svangerskapspengar for den delen ho ikkje kan vere i arbeid.

Kvinna kan bruke del 1 og del 2 i skjemaet som dokumentasjon for dette kravet. NAV har ikkje høve til å overprøve risikovurderinga til legen eller jordmora.

Merk: Sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar bruker eit anna skjema hos NAV ved søknad om svangerskapspengar. Sjå nettsidene til NAV. Meir informasjon om å søke svangerskapspengar finn du på [NAV sine nettsider](#).

Kvinna søker om svangerskapspengar frå NAV og finn søknaden via <https://familie.nav.no/om-svangerskapspenger#slik-soker-du>.